

# Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

## Møtereftrat

**Møte:** Møte nr. 2-2019 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Dato:** 23. oktober 2019

**Stad:** Ålesund rådhus, lavblokka møterom 463

**Møtetid:** kl. 10.00-14.00

### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:*

Giske kommune ved spesialkonsulent Bjørn Magne Nordahl

Haram kommune ved einingsleiar Beate Eiken

Norddal kommune ved påtroppande kommunalsjef for helse og omsorg i Fjord kommune

Kjetil Heggem, no omsorgsleiar i Stordal kommune

Skodje kommune ved einingsleiar helse og omsorg Per Løkkeborg

Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust

Sula kommune ved sjukepleiar Astrid Engetrøen

Sykkylven kommune ved rådgjevar Margit Aure Overå

Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen

Ålesund kommune ved virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg Birte Vegsund

HMR - Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

HMR - Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for klinikk for medisin og rehabilitering Gro Åsnes

HMR - Ålesund sjukehus ved sjukehuskoordinator Bjarte Jensen

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

### Andre:

Therese Furseth Hoel, regional innføringsleiar Helseplattformen - opsjonskommunane på nordre Sunnmøre

HMR – samhandlingsavdelinga ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm

Leiar for verksemd for psykisk helse og rustiltak i Ålesund kommune Regina Steinberger

Seksjonsleiar Marit Instefjord DPS Vegsund i Helse Møre og Romsdal HF

### Forfall:

Giske kommune ved kommunalsjef Lene Bjørlo Overå

Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset

Stranda kommune ved einingsleiar for rehabilitering og habilitering Lill Gullbekkhei

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for Avdeling for tverrfaglig spesialisert rusbehandling

Kari Nesseth

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for klinikk for akuttbehandling Elin Molvær Dybvik

**Møteleiar:** Leiar av Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde, sjukehuskoordinator Bjarte Jensen

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Referent:** Rådgivar Vegard Austnes i Sunnmøre Regionråd IKS

**Sak 10/2019: Velkomen til møte i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Innkallinga var godkjend. Det var ingen saker til eventuelt. Rådgivar i Sunnmøre Regionråd Vegard Austnes orienterte om Arena Sunnmøre 2019.

**Sak 11/2019: Godkjenning av referat frå forrige møte nr. 1-2019 (10. april 2019).** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Referatet frå forrige møte vart godkjend.

**Sak 12/2019: Orientering om status for arbeidet med Helseplattformen på nordre Sunnmøre** Ved Therese Furseth Hoel, regional innføringsleiar Helseplattformen - opsjonskommunane på nordre Sunnmøre

Presentasjonen følgjer vedlagt.

Bakgrunnen for saka er vedtak i Overordna samhandlingsutval (OSU) sak 17/2019 med ordlyden «Overordna samhandlingsutval (OSU) registrerer at det er litt ulik framdrift i regionane knytt til arbeidet med Helseplattformen og ønskjer ei statusrapport frå leiarane av dei lokale samhandlingsutvala på dette arbeidet til neste møte i OSU 27. november.» Møteprotokollen frå OSU var sendt ut til møtet.

Hoel viste til at gjennom regional arbeidsgruppe arbeider ein på same måte i heile fylket. Arbeidet med Helseplattformen kom seint i gang på nordre Sunnmøre, men ein er no i godt rute i høve til framdriftsplanen.

Frå samhandlingsutvalet vart det særleg lagt vekt på at det viktige å få med fastlegane, og at økonomien må på plass her. Hoel viste til at fastlegestruktur er på plass. Det er rekruttert inn åtte fastlegar, av desse to frå Møre og Romsdal. Hoel viste til at Epic seier at dei vil ha klar ei løysing for korleis det kan bli for fastlegane i februar 2020.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

### **Sak 13/2019: Innspel til forbetring av samhandlingsstrukturen**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Jf. e-post av 4. juli 2019 frå samhandlingssjefen i HMR ønska forhandlingsutvalet innspel m.a. frå LSUane om følgjande (med frist 4. oktober):

- «• Hvilken rolle/funksjon ser de som hensiktsmessig for seg selv, og for de andre foraene?  
• Hva har fungert bra?  
• Hva har ikke fungert optimalt?  
• Har det enkelte samhandlingsforumet vært i stand til å utføre sine oppgaver, jf. gjeldende samhandlingsavtale?  
• Opplevs sammensetningen av forumet, jf. gjeldende samhandlingsavtale, som hensiktsmessig? Forklar hvorfor/hvorfor ikke.  
• Er antallet lokale samhandlingsutvalg og kliniske samhandlingsutvalg hensiktsmessig?  
• Andre innspill»

Utvalet svarte ikkje ut alle desse spørsmåla. Oppsummert opplevde utvalet at rolla deira er veldig uklar, og at ein er usikker på oppgåvene. I utvalsmøta er det stort sett er mykje informasjon som vert delt, lite er på oppdrag frå OSU. Det vart stilt spørsmål om utvalet skal vere på eit overordna eller detaljert nivå i arbeidet sitt?

Utvala sakna ei oversikt over fagråda. Vidare vart det etterlyst oversikt over utskrivingsklare pasientar.

Utvalet ønskjer brukarrepresentasjon også frå kommunane. Birte Vegsund følgjer opp å finne ein brukarrepresentant frå kommunane til neste møte.

### **Sak 14/2019: Ubrukt kapasitet på kommunale ø-hjelp plassar. Korleis auke bruken av desse?**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Bakgrunnen for saka var OSU sak 17/2019 «Overordna samhandlingsutval ser at det er ubrukt kapasitet, tilsvarende 20-25 senger dagleg i fylket totalt, på dei «kommunale augeblikkeleg hjelp»-plassane og vil be dei lokale samhandlingsutvala å sjå på korleis vi skal få auka bruken av desse plassane. OSU ønskjer ein status på dette i neste møte 27.november. Møteprotokollen frå OSU følgjer vedlagt.

Til møtet vart det sendt ut oversikt over bruken av ØHD/KAD-plassene i 2018. Jensen viste beleggspersent i interkommunale tilbod og kommunevise tilbod.

Det vart kommentert at bruk av ØHD/KAD-plassar generelt handlar mykje om kunnskap om og tillit til tilbodet blant legane. Klinisk samhandlingsutval i samband med akuttplassane på Åse vart sagt å fungere godt.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Utvalet meinte at auke i bruken av ØHD/KAD (særleg tilbod med berre ei seng) må skje gjennom fastlegane. I Ålesund er det i dag legevakt og akuttmottak som henviser flest.

Utvalet oppmoda kommunar som har låg bruk av ØHD/KAD om å vurdere bruken.

### **Sak 15/2019: Læringsnettverket for «Gode pasientforløp» er avslutta. Kva skjer vidare?**

Ved spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm i Helse Møre og Romsdal HF

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Tyrholm bad utvalet om tilbakemelding på kva som har skjedd dei siste 3 åra når det gjeld pasientforløpet for den eldre multisjuka pasient. Tilbakemeldingane var m.a.:

- fokuset på overgangar har blitt annleis, spørsmålet om «kva er viktig for deg» og vidare behandlingstilbod i ulike scenarier
- bra at palliativ plan kan brukast på alle pasientgrupper
- ein snakkar meir om palliativ plan enn tidlegare, t.d. når det gjeld demens og KOLS
- tankegangen er implementert i tenestene
- vi har fått ei verktøykasse med mange gode verktøy
- betre bruk av ressursar, meir system og ikkje sjukehus for ein kvar pris
- auka fokus på oppfølgingsplan
- brukarmedverknaden har vorte utvida

Tyrholm viste til at brukerperspektivet (pasientverdi) vert viktig framover, saman med plan ved forverring (palliativ plan) og standardisering av screening og sjukepleiardokumentasjon.

### **Sak 16/2019: Pakkeforløp, e-meldingsrutiner og utskrivingsklare pasienter innen psyk/rus. Korleis arbeide vidare med dette?**

Ved leiar for verksemd for psykisk helse og rustiltak i Ålesund kommune

Regina Steinberger, virksomhetsleder for tildelingskontor helse og omsorg i Ålesund kommune Birte Vegsund og seksjonsleiar DPS Vegsund HMR HF Marit Instefjord

Ålesund kommune har ingen henvist til pakkeforløp per i dag. Det vart opplyste frå HMR at etter 1. september 2019 går alle pasientar ved DPSar inn i pakkeforløp.

Instefjord frå HMR tok opp 3 spørsmål:

Får henviser tilbakemelding på behandlingsplan som er utarbeidd saman med pasienten? Og får henviser tilbakemelding på jamnlege evalueringar saman med pasienten? Og vert desse eventuelle tilbakemeldingane opplevd som nyttige?

Utvalet kom fram til at HMR og kommunane må møtast i det vidare for å avklare

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

grunnleggjande begrep.

Utvalet vurderte e-meldingsrutinene som er ei utfordring. Ein sakna også etablering av ei kontaktlegeordning.

Utvalet konkluderte med at ein vil be samhandlingsavdelinga i HMR vurdere korleis ein skal arbeide vidare med pakkeforløp, e-meldingsrutiner og utskrivingsklare pasientar innen psyk/rus.

### **Sak 17/2019: Val av leiar frå 2020**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

Jf. sak 22/2018 vart det valt leiar for utvalet berre for 2019, så leiar (og evt. nestleiar) frå 2020 måtte veljast på møtet.

Det må avklarast korleis kommunane skal vere representert når kommunar slår seg sammen frå 2020.

Vedtak: Bjarte Jensen held fram som leiar fram til 1. møtet i 2020. Birte Vegsund er nestleiar for same periode.

### **Sak 18/2019: Møteplan 2020**

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Bjarte Jensen

6. mai (på Ålesund sjukehus) og 14. oktober vert møtedatoar i 2020. Representasjon frå nye kommunar frå 2020 må avklarast.

### **Kopi til:**

*Seksjon for samhandling i Helse Møre og Romsdal HF:*

Samhandlingssjef Lena Bjørge Waage

Spesialrådgivar Britt Valderhaug Tyrholm